

AUSTEVOLL KRAFTLAG SA

VEDLEGG

TIL ÅRSMØTE

03.06.21

Sak 03/21 GODKJENNING AV ÅRSMELDING OG RESULTATREKNESKAP

Framlagt:

Forslag til årsmelding for 2020.
Forslag til rekneskap med resultat, balanse og notar for 2020.

Tilråding:

Styret tilrår Årsmøtet å godkjenne rekneskap med resultat, balanse og notar og styret si melding for 2020.

Sak 04/21 ÅRSOPPGJERSDISPOSISJONAR.

Tilråding:

Styret tilrår Årsmøtet å godkjenne at årets overskot blir ført mot egenkapital

Sak 05/21 GODTGJERING TIL STYRE, STYRELEIAR M.V.

Valnemnda vi føreslå at godtgjering til styreleiar, nestleiar og styremedlemene for 2021 vert:

Godtgjering til styreleiar:	kr. 70 000,- per. år.
Godtgjering til nestleiar:	kr. 40 000,- per. år.
Godtgjering til styremedlem:	kr. 30 000,- per. år.

Møtegodtgjering:	kr. 2.000,- per møte.
------------------	-----------------------

Sak 06/21 VAL AV STYRE, VARAREPRESENTANTAR OG STYRELEIAR

Merknad:

I ordinært årsmøte den 4.06.20 vart følgjande valde til valnemnd:

Reidar Vik, leiar
Britt Kathrine Drivenes, medlem
Jostein Blænes, medlem

Av styremedlemmane står desse på val i 2021:

- **Styremedlem** **Andreas Iversen** **2019 – 2021**
- **Styremedlem** **Hans Halstensen** **2019 – 2021**

Vararepresentantar 2020 – 2022:

- 1. Vararepresentant: Liv Bente Storebø**
- 2. Vararepresentant: Ivar Helge Melingen**

Andreas Iversen er vald som styreleiar for 2020 – 2021.

I vedtektene § 11.1 står det fylgjande:

Kraftlaget skal ha eit styre på 5 - 7 (fem til sju) medlemmer og 3 (tre) varamedlemmer med funksjonstid på 2 (to) år. Årsmøte vel 4 (fire) styremedlemmer og 2 (to) varamedlemmer i rekke med funksjonstid på to år.

Årsmøtet vel leiar for 1 år blant dei valde styremedlemmane valde av partseigarane.

I lov om samvirkeføretak (samvirkelova), § 69 og i brev frå Brønnøysundregistra av 30.01.12 heiter det:

I styret i samvirkeføretak med meir enn 1000 medlemmar på det tidspunkt valet av styremedlemmar skjer skal begge kjønn vera representert på fylgjande måte.

- 1. har styret to eller tre medlemmar, skal begge kjønn vera representert.*
- 2. har styret fire eller fem medlemmar, skal kvart kjønn vera representert med minst to.*
- 3. har styret seks til åtte medlemmar, skal kvart kjønn vera representert med minst tre.*

Valnemnda vil i 2021 tilrå at ein aukar antal styremedlemmer frå 5 til 6 i samsvar med gjeldande vedtekter og tilråar slikt val av styre og styreleiar:

- **Styremedlem: Andreas Iversen** **2021 – 2023**
- **Styremedlem: Hans Halstensen** **2021 - 2023**
- **Styremedlem: Rune Kolbeinsvik** **2021 – 2023**

Valnemnda vil tilrå at **Andreas Iversen** vert vald som styreleiar for eitt år.

Reidar Vik(s) Britt Kathrine Drivenes(s) Jostein Blænes(s)
Leiar

VAL AV REVISOR FOR 2021

I ordinært årsmøte den 4.06.20 tilrådde styret årsmøtet å velja BDO som Austevoll Kraftlag SA sin revisor for år 2020. Årsmøtet slutta seg samrøystes til styret si tilråding. Styret vil tilrå årsmøtet å velja BDO som revisor for 2021.

Tilråding:

Styret tilrår Årsmøtet å velje BDO som revisor for 2021.

Sak 07/21 LØYVINGAR TIL ALMENNYTTIGE FØREMÅL

Tilråding:

Styret har vedteke å tildela inntil 2.000.000,- NOK til allmenntyttige formål i Austevoll.

Innan søknadsfristen var det kome inn 59 søknader med ein samla søknadssum på 13.394.226,- NOK.

Styret foreslår tildeling til Storhall, til kultursal i Bekkjarvik og til Kystsogelaget og Fiskerilaget sitt arbeide med å bevare fiskerikulturen i kommunen.

I tillegg foreslår styret tildeling til ein del gode prosjekt rundt om i kommunen. Styret vil vektleggje behovet for å sjå alle dei gode føremåla i ein samanheng, og vil bidra til å utvikle eitt Austevoll. Av den grunn får storhallsprosjektet som er eit samarbeid mellom dei tre store idrettslaga, ungdomsskule og vidaregåande skule samt Austevoll Kommune det største beløpet.

Styret ønskjer òg å tilgodesjå kulturarbeidet både for unge og vaksne. Det er fremja søknad til mange svært gode prosjekt rundt om i kommunen med ulike utgangspunkt. Vi kan ikkje dekkje alle, og har måtta prioritere både på tiltak og geografi

Styret si innstilling til årsmøtet er som fylgjer:

Søkar :	Formål :	Tildeling:
Hallgruppa	Storhall i Austevoll	Kr. 750 000
Austevoll Musikkråd	Ombygging av elev-aula til kultursal på Selbjørn skule	Kr. 300 000
Austevoll Kyst & Sogelag/Selbjørn Fiskerisogelag	Innkjøp av båter og utstyr til båtmuseum og konsertsal i Hengjo	Kr. 200 000
Selbjørn Idrettslag	Prosjekt haugen – bygging av sykkelbane, 3'er banar og ny tribune	Kr. 200 000
Røde Kors Austevoll	Kurs hjelpekorps, beredskap og oppgradering av lokale	Kr. 150 000
Austevoll Kommune	Etablering av BUA Austevoll	Kr. 100 000
Vinnesvåg Velforening	Sherpatrappar til Veten	Kr. 50 000
Stolmen Vel	Utbetring av trasèane fra Globen til Såto og tilstøytande løyper	Kr. 50 000
Haukanes og Bjelland Grendalag	Opprusting av blå løype til Loddo	Kr. 50 000
Hundvåkøy Idrettslag	Gjerde rundt sandvolleyball banen på Hundvåkøy Aktivitetspark	Kr. 50 000
Drøna og Rostøy Bygdalag	Gjerde til trafikksikring, parkering, planting, nytt dekke lekeplass	Kr. 50 000
Kolbeinsvik Vel	Pumptrack bane og beplanting av trær	Kr. 50 000
Totalt		Kr. 2 000 000